

# HANDLINGSPLAN

## REGIONALT FORSKINGSFOND VESTLANDET

2014-15

Vedtøken p styremte 5. desember 2013

# 1 OVERORDNA FØRINGAR

## 1.1 Formålet med regionale forskingsfond

Kunnskapsdepartementet har fastsett at formålet med regionale forskingsfond er å

- Styrke forskning for regional innovasjon og regional utvikling
- Mobilisere til auka FoU-innsats i regionane
- Bidra til auka forskingskvalitet og utvikling av gode og konkurransedyktige FoU-miljø i regionane
- Skape utviklings- og læringsarenaer der regionale erfaringar kan verte drøfta i relasjon til nasjonal og internasjonal kunnskap og aktivitet.
- Sørge for tett samspill mellom aktivitet i regionane og deira relasjon til andre nasjonale og internasjonale programmer og aktivitetar

## 1.2 Ny bestilling frå fylkestinga til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet

Alle dei tre fylkestinga vedtok i desember 2012 ei ny bestilling til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet. Den nye bestillinga er meint å gjelde fram til eventuell revisjon i samband med ny regional planstrategi i valperioden 2015 – 2019.

### *Hovudføringar i den nye bestillinga*

Den nye bestillinga har i seg eit hovudperspektiv knytt til å bygge på vidare utvikling av særlege vestnorske ressursar og føresetnader:

Vestnorske perspektiv på nærings- og samfunnsutvikling skal ligge til grunn for Regionalt forskingsfond Vestlandet sitt arbeid. Fondet skal medverke til forskning som gir ny kunnskap og dermed bidrar til nye svar på viktige spørsmål om utviklinga av nærings- og samfunnsliv på Vestlandet. Viktige spørsmål er:

- korleis få det beste ut av dei særlege natur- og kulturføresetnadene på Vestlandet
- korleis sikrar vi ei berekraftig ressursforvaltning, slik at dei særlege vestnorske ressursane vert til glede både for noverande og komande generasjonar
- korleis sikre at kommunal sektor når sine mål om auka kvalitet og styrka effektivitet i sitt arbeid med å forvalte ansvaret for god tenesteproduksjon til innbyggjarane på heile Vestlandet.

Tematisk er bestillinga i stor grad ei vidareføring av den førre, men med nokre presiseringar:

Dei konkrete prioriteringane som vert fremja bygg i stor grad på bestillingsbrevet frå 2009 – 2012. Dette var tufta på fylkesvise forskingsstrategiar. Ingen av desse forskingsstrategiane er revidert sidan dette. Vidareføringa av hovudlinene i det førre bestillingsbrevet er også knytt til den vurdering at behovet for forskning innan desse områda ikkje er utdatert, men snarare framleis er like aktuelle.

Innan næringsfeltet held bestillinga fast ved satsinga på energi, mat og reiseliv som forskingsområde.

Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet er òg vidareført som forskningstema. Fokus er no retta mot *ansvarsområde* til kommunal sektor på Vestlandet. Slik vert søkt å møte nokre av dei store utfordringane som både kommunar og fylkeskommunar står ovanfor i møte med auka krav til effektivisering og kvalitet utan at dei økonomiske rammene venteleg vert større.

I tillegg vert det fremja eit meir ope forskingstema om Vestnorske ressursar som grunnlag for verdiskaping i eit noko lengre perspektiv (s 3).

Ordninga med at berre bedrifter og offentleg sektor/kommunar har kunne søkje fondet har vore diskutert den seinare tid. Den nye bestillinga adresserer dette

Fondet skal som hovudregel fortsett lyse ut prosjekt der prosjektansvarleg er ei bedrift/samanslutning av bedrifter eller ein kommunal organisasjon/samanslutning av kommunale organisasjonar.

Styret skal likevel ha høve til å opna for å nytte andre søknadstypar eller at andre grupper kan stå som prosjektansvarleg inn mot ein søknadstype dersom dei finn dette tenleg for å fremje forskning innan prioriterte temaområde. Og særleg vil ein rå styret til å invitere forskingsmiljøa som søkjarar innan tema "Vestlandet 2025".

### 1.3 Tilleggsføringar

Frå fylkestinget i Sogn og Fjordane vart det gitt ei presisering innan tema Mat:

- Fylkestinget vedtek bestillinga til det regionale forskingsfondet på Vestlandet (vedlegg 1), med følgjande tillegg i punkt 3.2 MAT: Marine produkt, særleg kvitfisk og liknande, må få ein større plass i forskingstema enn kva tilfelle er i bestillinga som ligg føre.

Frå fylkestinget i Hordaland vart det gjort slikt tilleggsvedtak:

- Opne for at forskingsinstitusjonar også får høve til å søkje om midlar når dei samarbeider med relevante bedriftsmiljø

Vedtaka vart sendt styret som må vurdere desse i det årlege arbeidet med handlingsplan for fondet.

### 1.4 Rammeverk og tidsperiode for handlingsplanen

Styret skal leggje Kunnskapsdepartementet sine retningslinjer og fylkestinga si bestilling til grunn for sine prioriteringar i handlingsplan. Handlingsplanen skal klargjere tematisk fokus, økonomiske rammer og opplegg for utlysing av midlar.

Denne handlingsplanen gjeld for 2014-15, men vil verte rullert i samband med styret sitt vedtak av endeleg budsjett for 2015.

Planen skal fortrinnsvis verte rullert på slutten av året, for at sekretariatet skal få tilstrekkelig tid til å forberede utlysingar av forskingsmidlar for året etter.

### 1.5 Forventa årleg fondsavsetning

Ordninga med regionale forskingsfond vert finansierast gjennom avkastninga frå ei fondsavsetning på 6 milliardar kroner. Den samla renteavkastninga for fonda er lik for kvart år (219 mill. kr). Gjennom statsbudsjetta vil Stortinget årleg fastsette summen som kvart forskingsfond kan disponere.

Forventa avsetning til RFF Vestlandet vert kr. **30.752 000** for kvart år. Renteinntekter kjem i tillegg.

## 2 SØKNADSFRISTER

Regionalt forskingsfond har frå 2013 hatt to årlege søknadsfristar (vår og haust) og løpande utlysing på kvalifiseringsstøtte.

For 2014 har dei regionale fonda samla seg om to søknadsfristar prosjekt som skal verte fagleg vurderte i Forskningsrådet. Fondet sine utlysingar av **regionale offentlege- og regionale bedriftsprosjekt** (hovudprosjekt) innan tema Bærekraftig matproduksjon, Energi, Reiseliv og Offentlege utviklingsoppgåver får desse fristane:

- 9. april 2014 kl. 13.00
- 15. oktober 2014 kl. 13.00

Søknadsfristar for etterfølgjande år vil verte fastsatt i samband med rullering av handlingsplanen. Utlysingane skal så langt det let seg gjere vere tilgjengeleg for søkjarane seinast 6 veker før søknadsfristen.

Ordninga med løpande søknadsfrist og administrativ behandling av søknader om **regional kvalifiseringsstøtte** (forprosjekt) vert vidareført innan desse hovudtema: Bærekraftig matproduksjon, Energi, Reiseliv og Offentlege utviklingsoppgåver.

Styret vil vurdere om det er tenleg å nytte faste søknadsfristar for regional kvalifiseringsstønad innan Vestlandet 2025. Styret vil også i løpet av 2014 vurdere om og når det skal lysast ut større prosjekt innan dette tema Vestlandet 2025.

Utlysingar vil verte publisert på [www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet)

## 3 SØKNADSTYPAR

Regionale forskingsfond nyttar søknadstypar som er utarbeidd i samarbeid med Noregs forskingsråd og sidan fastsett av Kunnskapsdepartementet. Det er opp til kvart fond å velje mellom søknadstypane.

Regionalt forskingsfond Vestlandet vil i perioden nytte tre søknadstypar. Desse er nærare omtala under.

### 3.1 Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt)

Målet med kvalifiseringsstøtte er å utvikle FoU-prosjekt som kan kvalifisere til vidare støtte frå relevante ordningar. Vestlandet definere dette som å kvalifisere til større forskingsarbeid frå Regionale forskingsfond og/eller andre relevante finansieringsordningar (eks. Forskingsrådet, EU, Innovasjon Noreg eller liknande).

Gode prosjektidear som ikkje er vurdert å ha tilstrekkeleg kvalitet til å kunne få tildeling gjennom dei andre søknadstypane, kan få regional kvalifiseringsstøtte for å vidareutvikle og kvalifisere prosjektet.

Målgruppa for kvalifiseringsstøtte er bedrifter, kommunale verksemder og FoU-institusjonar.

Det er venta at resultatane frå kvalifiseringsstøtta skal bidra til å heve kvaliteten i eit framtidig større forskingsprosjekt (eks. regionalt bedriftsprosjekt/offentleg prosjekt i RFF Vestlandet).

Det må være definerte FoU-utfordringar i kvalifiseringsstøtteperioden. Støtte kan ikkje nyttast til å etablere nettverk, klynger eller konsortier i seg sjølve.

Eksempel på FoU aktivitetar som kan inngå i eit kvalifiseringsprosjekt er (lista er ikkje uttømmende):

- utvikling av problemstillingar for vidare forskning
- pilotstudie og eksperimentelle forstudie
- litteraturstudie i kombinasjon med analyse av innsamla data

Støtte til kvalifiseringsprosjekt (forprosjekt) medfører ingen vidare plikt for Regionalt forskingsfond Vestlandet til å støtte ein eventuelt seinare søknad.

Søklarane vil finne meir detaljert informasjon på [www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet)

#### 3.1.1 Følgjande føringar gjeld for *bedriftsretta* regional kvalifiseringsstøtte (energi, mat og reiseliv):

- Prosjektansvarleg for søknader innan tema **mat og energi** skal vere enkeltbedrifter eller konsortium av bedrifter med FoU-kompetanse og/eller som samarbeider med FoU-institusjonar. Bedrifta eller konsortium av bedrifter skal vere lokalisert innanfor fondet sitt geografiske område. Med nemninga konsortium av bedrifter vert det inkludert ulike

samarbeidsformer der bedrifter er involvert. Prosjektansvarleg søkjar skal alltid vere registrert med organisasjonsnummer. Søknader frå SMB-bedrifter som samarbeider med FoU-miljø vil verte prioritert. Forskingsinstitusjonar kan ikkje vere prosjektansvarleg.

- Innan tema *reiseliv* kan også FoU-institusjonar i fondsregionen vere prosjektansvarleg søker dersom dei har samarbeidsavtale om prosjektet med ei bedrift eller eit konsortium/nettverk av bedrifter i fondsregionen. Dersom eit FoU-miljø er prosjektansvarleg, skal ein enkel samarbeidsavtale med ein bedrift eller eit konsortium av bedrifter vere lagt ved søknaden.
- Søkjarane kan på fritt grunnlag velje kva FoU/forskingmiljø, bedrifter eller organisasjonar dei ønskjer å samarbeide med, uavhengig av geografisk plassering.
- Støtte vert gitt med inntil kr. 200.000 per prosjekt for ein periode på inntil 12 månader
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og relevante driftskostnader. Ingen utstyrskostnader vert dekkja.
- Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar innan tema *mat og energi* finansierer minimum 50% av prosjektkostnadene med private midlar.
- Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar innan tema *reiseliv* finansierer minimum 50% av prosjektkostnadene. Dersom ein FoU- institusjon står som prosjektansvarleg kan andel private midlar reduserast.

### **3.1.2 Følgjande føringar gjeld regional kvalifiseringsstøtte retta mot offentlege ansvarsområde:**

- Prosjektansvarleg for søknader innan tema Offentlege utviklingsoppgåver skal vere ein organisasjon innan kommunal sektor (kommune, fylkeskommune eller ein samanslutning av slike) innanfor fondet sitt geografiske område. Prosjektansvarleg søkjar må alltid vere registrert med organisasjonsnummer.
- Søkjar kan på fritt grunnlag velje kva FoU/forskingmiljø, bedrifter eller organisasjonar dei ønskjer å samarbeide med, uavhengig av geografisk plassering.
- Det er krav om at prosjektansvarleg har samarbeidsavtale med minst eit FoU/forskingmiljø. Ein enkel samarbeidsavtale med det/dei viktigaste FoU- partnarane skal vere lagt ved søknaden.
- Støtte vert gitt med inntil kr. 200.000 per prosjekt for ein periode på inntil 12 månader
- Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar innan tema Offentlege utviklingsoppgåver finansierer minimum 30% av prosjektkostnadene.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og relevante driftskostnader. Ingen utstyrskostnader vert dekkja

### **3.1.3 Følgjande føringar gjeld regional kvalifiseringsstøtte retta mot tema Vestlandet 2025.**

Målet med denne utlysinga er først og fremst å utvikle og belyse sentrale forskingsproblemstillingar innan temaområdet Vestlandet 2025. Forskinga skal også bidra til styret i Regionalt forskingsfond Vestlandet sitt arbeid med innrettinga av komande utlysingar innan temaet.

- Prosjektansvarleg for søknader innan tema Vestlandet 2025 skal vere eit universitet, ein høgskule eller ein godkjend forskingsinstitusjon i Noreg.
- Støtte vert gitt med inntil kr. 200.000 per prosjekt for ein periode på inntil 12 månader
- Prosjektansvarleg og eventuelle samarbeidspartnarar innan tema Vestlandet 2025 kan få fullfinansiert alle prosjektkostnadene.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og relevante driftskostnader. Ingen utstyrskostnader vert dekkja.

### 3.1.4 Vurderingskriterium kvalifiseringsstøtte

Kvar region bestemmer vurderingskriterium for kvalifiseringsstøtte. Regionalt forskingsfond Vestlandet vil i 2014 innføre nye vurderingskriteria for regional kvalifiseringsstøtte.

Desse vil verte nytta i vurdering av søknader innan tema mat, energi, reiseliv og offentlege utviklingsoppgåver:

1. *Relevans*

- relevans i forhold til utlysinga og utfordringar regionalt

2. *Forskingsinnhald*

- potensialet for å bringe fram ny kunnskap som grunnlag for vidare forskingsarbeid

3. *Prosjektkvalitet*

I kva grad prosjektet er realistisk og kan gjennomførast, ut frå desse punkta:

- FoU-metode
- prosjektgjennomføringsplan, inkl. forholdet mellom mål, aktivitet og forventat resultat
- budsjett og ressursinnsats, herunder finansiering

4. *Gjennomføringsevne*

I kva grad samarbeidspartnarane vil kunne gjennomføre FoU-prosjektet på best muleg måte ut frå desse punkta:

- fagleg leiing
- organisering og administrativ leiing
- samarbeidskonstellasjonar (samansetning og kompetanse)

5. *Vidareføring og verdiskapingspotensial*

- i kva grad er det sannsynleg at kvalifiseringsprosjektet kan resultere i eit hovudprosjekt?
- potensialet for at hovudprosjektet bidrar til innovasjon og verdiskaping

6. *Hovudkarakter*

- samla karakter frå fagpanelet /fagekspertar

Alle kriteria vil verte vurderte på ein skala frå 1 – 7:

7: Eksepsjonelt godt, 6: Fremragende, 5: Meget godt, 4: Godt, 3: Mindre godt, 2: Svakt, 1: Dårlig

***Søknader innan team Vestlandet 2025 vil verte vurdert etter same kriteria som i 2013, inntil anna er bestemt:***

1. *Regionalt perspektiv og relevans*

Regionalt perspektiv og relevans er eit uttrykk for i kva grad retter prosjektet seg mot sentrale utfordringar i fondsregionen og føringane i utlysinga.

2. *Regionalt perspektiv og relevans vert vurdert etter desse punkta:*

- Regionalt perspektiv, inklusiv utfordringar for samfunn, næringsliv og/eller offentleg sektor i fondregionen
- Relevans, inklusiv intensjonen i utlysinga

3. *Forskingsgrad*

Forskingsgrad er eit uttrykk for i kva grad prosjektet bringer fram ny kunnskap av betydning for den faglege utviklinga innan dei felta som forskinga omfattar. Det må kome fram at prosjektet har kunnskap om forskingsfronten. Forskingsgraden vert vurdert etter desse punkta:

- Forsking i internasjonal forskingsfront
- Forskinga si del av FoU-prosjektet

#### 4. *Prosjektkvalitet for FoU-prosjektet*

Prosjektkvalitet for FoU-prosjektet er eit uttrykk for i kva grad prosjektet framstår som realistisk og gjennomførbart ut frå desse punkta:

- FoU-metode
- Prosjektgjennomføringsplan, inklusiv milepæler og leveranser
- Budsjett og ressursinnsats, herunder finansiering

#### 5. *Gjennomføringsevne*

Gjennomføringsevne er eit uttrykk for i kva grad samarbeidspartnarane samla sett er vurdert å kunne gjennomføre FoU-prosjektet på best muleg måte. Følgjande vurderast:

- Fagleg leiing
- Organisering og administrativ leiing
- Samarbeidskonstellasjonen (samansetning og kompetanse)

Alle kriteria vil verte vurderte på ein skala frå 1 – 7:

7: Eksepsjonelt godt, 6: Fremragende, 5: Meget godt, 4: Godt, 3: Mindre godt, 2: Svakt, 1: Dårlig

I tillegg vert det gitt ei samla vurdering.

## 3.2 Regionale bedriftsprosjekt

Regionale bedriftsprosjekt skal styrke FoU-aktiviteten i bedrifter innanfor fondet sitt geografiske område og innan prioriterte satsingsområde.

Regionale bedriftsprosjekt skal ta utgangspunkt i strategisk viktige problemstillingar for bedriftene og utløyse FoU-aktivitet som spesielt bidrar til forskingsdriven innovasjon og bærekraftig verdiskaping.

Følgjande føringar gjeld for regionale bedriftsprosjekt innan tema energi, mat og reiseliv:

- Prosjektansvarleg for søknader inn mot hovudtema Mat og Energi **skal** vere enkeltbedrifter eller konsortium av bedrifter med FoU-kompetanse og/eller som samarbeider med FoU-institusjonar. Bedrifta eller konsortium av bedrifter skal vere lokalisert innanfor fondet sitt geografiske område. Med nemninga konsortium av bedrifter vert det inkludert ulike samarbeidsformer der bedrifter er involvert. Prosjektansvarleg søkjar skal alltid vere registrert med organisasjonsnummer. Søknader frå SMB-bedrifter som samarbeider med FoU-miljø vil verte prioritert. Forskingsinstitusjonar kan ikkje vere prosjektansvarleg.
- Innan tema Reiseliv **kan** også FoU-institusjonar i fondsregionen vere prosjektansvarleg søkjer dersom dei har samarbeidsavtale om prosjektet med ei bedrift eller eit konsortium/nettverk av bedrifter i fondsregionen.
- Søkjarane kan på fritt grunnlag velje kva FoU/forskingmiljø, bedrifter eller organisasjonar dei ønskjer å samarbeide med, uavhengig av geografisk plassering.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester, relevante driftskostnader og eitt eller fleire stipend. Avskrivingskostnader for utstyr kan verte dekkja.
- Det er ønskjeleg at søkjar nyttar Nærings-PhD-ordninga til Forskingsrådet.
- Prosjekta skal ha tidslengde på 1-3 år.

Tilskotsramme:

- Ordninga med regionale forskingsfond er notifisert i ESA etter reglar for statsstøtte. Det vert lagt til grunn at støtte frå Regionalt forskingsfond Vestlandet, saman med Skattefunn og eventuelle andre offentlege midlar til saman ikkje kan utgjere meir enn 50 % av dei samla projektkostnadene. Dei resterande 50% skal vere private midlar.

- Dersom ein FoU- institusjon står som prosjektansvarleg innan tema reiseliv kan andel private midlar reduserast.
- Regionalt forskingsfond Vestlandet legg til grunn at prosjekta vert finansiert saman med ordninga for Skattefunn der dette er mogeleg. Søkjar pliktar på dette grunnlaget å vurdere Skattefunn potensiale for det aktuelle prosjektet i søknaden til Regionalt forskingsfond Vestlandet.
- Dersom det ligg føre eit potensiale for å nytte ordninga med Skattefunn vil Regionalt forskingsfond Vestlandet kunne dekkje inntil 35 % av godkjende kostnader i prosjektet.
- Dersom potensiale for å nytte ordninga med Skattefunn ikkje ligg føre vil Regionalt forskingsfond Vestlandet kunne dekkje inntil 50% av godkjende kostnader til prosjektet.
- Maksimalt søknadsbeløp er 3 millionar kroner. Godkjende prosjekt vil kunne få inntil 1 million kroner i støtte for kvart år i prosjektperioden.

Søknadsskjema, krav og vurderingskriterium er felles for dei regionale forskingsfonda. Søkjarane vil finne meir detaljert informasjon på [www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet)

### 3.3 Regionale offentlige prosjekt

Eit regionalt offentlig prosjekt er eit FoU-prosjekt som er begrunna ut frå dei moglegheiter som opnar seg for innovasjon hos prosjektpartnarar i offentlig sektor og deira brukarar i den aktuelle fondsregion. Regionale offentlige prosjekt skal utløyse og styrke FoU-aktivitet i offentlege verksemdar innanfor det aktuelle fondets prioriterte satsingsområde.

På Vestlandet skal regionale offentlege prosjekt ta utgangspunkt i strategisk viktige problemstillingar innan kommunale ansvarsområde i fondsregionen. Prosjekta skal ha FoU-aktivitet som bidrar til forskingsdriven innovasjon og/eller innovasjon med forskarmedverkning og gi verdiskaping for offentlig sektor.

- Prosjektansvarleg for søknader skal vere ein organisasjon innan kommunal sektor (kommune, fylkeskommune eller ein samanslutning av slike) innanfor fondet sitt geografiske område. Prosjektansvarleg søker må alltid vere registrert med organisasjonsnummer.
- Søkjar kan på fritt grunnlag velje kva FoU/forskningsmiljø, bedrifter eller organisasjonar dei ønskjer å samarbeide med, uavhengig av geografisk plassering.
- Det er krav om at prosjektansvarleg har samarbeidsavtale med minst eit FoU/forskningsmiljø. Ein enkel samarbeidsavtale med det/dei viktigaste FoU- partnarane skal vere lagt ved søknaden.
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og relevante driftskostnader. Avskrivingskostnader for utstyr kan verte dekkja.
- Prosjekta skal ha tidslengde på 1-3 år.

Tilskotsramme:

- Regionalt forskingsfond Vestlandet kan dekkje inntil 70 % av godkjende kostnader i prosjektet.
- Maksimalt søknadsbeløp er 3 millionar kroner. Godkjende prosjekt vil kunne få inntil 1 million kroner i støtte for kvart år i prosjektperioden.

Søknadsskjema, krav og vurderingskriterium er felles for dei regionale forskingsfonda. Søkjarane vil finne meir detaljert informasjon på [www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet](http://www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet)

### 3.4 Andre søknadstyper

Styret vil i perioden vurdere introduksjon av andre søknadstypar i samband med rullering av planen..



## 4 TEMATISKE PRIORITERINGAR

Styret i Regionalt forskingsfond Vestlandet lyser ut midlar innan alle tema i fylkestinga si bestilling:

- 1) Bærekraftig matproduksjon – grøn og marin sektor
- 2) Energi
- 3) Offentlege utviklingsoppgåver på Vestlandet
- 4) Reiseliv
- 5) Vestlandet 2025

Avsnitta under gir detaljert skildring av kvart tema.

### 4.1 BÆREKRAFTIG MATPRODUKSJON – GRØN OG MARIN SEKTOR

*Søknadstypar:*

*Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt)*

- **Bruk av råstoff, dyrefôr og fokus på god dyre- og fiskehelse**  
Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å stø opp under forskning som kan stimulere ny bruk av råstoff frå blå og grøn sektor. Forholdet mellom mat og helse er mellom dei tema som er aktuelle. Vidare ønskjer fondet å stimulere til ny kunnskap om korleis dyre- og fiskefôr kan vidareutviklast på ein slik måte at det gir miljøvenleg produksjon og utvikling av nye produkt. Fondet ønskjer å stø forskning som kan medverke til å sikre god dyre- og fiskehelse.
- **Ny teknologi innan akvakulturnæringa**  
Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer fokus på ny teknologi innan akvakulturnæringa.
- **Råvarekvalitet og nye produksjonsprosessar**  
Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å stø forskingsprosjekt som kan styrke kunnskapsplattforma og innovasjonsevna innan industriell gastronomi og kulinarisk differensiering til det beste for norsk matproduksjon. Det er viktig å stimulere til prosessoptimalisering i heile verdikjeda.

Vidare ønskjer fondet å stø opp om forskning innan område som ulike produktkvalitetar og nye teknologiske prosessar knytt til produksjon av mat – t.d. for å hindra plantesjukdom.

Med utgangspunkt i Vestnorske råvarer kan ein innan desse områda rette søkjelys på kvalitetsfremjande forskning både innan grøn og blå sektor.

### 4.2 ENERGI

*Søknadstypar:*

*Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt)*

- **Optimalisering innan olje- og gassindustrien**  
Det er mange store forskingsmessige og kunnskapsintensive utfordringar knytt til den vidare utviklinga av energiproduksjon på norsk sokkel. Eksempelvis er bore- og brønnteknologi eit avgjørande og framtidsetta teknologiområde med stort verdiskapingspotensial for vidareutvikling av petroleumsverksemda.

Viktige forskingstema i denne samanheng er utvikling av meir kostnadseffektive leitekonsept for å finne nye ressursar, haleproduksjon (hente ut mest mulig olje/gass frå reservoara), samt miljø og teknologiutvikling.

- **Energieffektivisering, miljøteknologi og ny fornybar energi**

Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å oppretthalde fokuset på optimalisering av energibruk både for maritim sektor og landbasert aktivitet - samt korleis ulike energiberarar kan spele saman.

Det er behov for meir kunnskap om føresetnadene for å utvikle forholdet mellom den langreiste energien og den kortreiste energien. Dette kan til dømes vere nye tekniske miljøløysingar i forhold til produksjon, transport, lagring og bruk av energi samt meir optimal/effektiv drift av skip og utstyr.

Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer vidare å stø forsking knytt til teknologiutvikling innan tema som geotermisk energi, bioenergi, solseller og andre former for ny fornybar energi.

- **Subsea**

Regionalt forskingsfond Vestlandet lyser ut midlar innan subsea produksjons- og prosesseringssystem for olje og gass.

Dette omhandlar løysingar eller tenester knytt til delsystem og eller komponentar relatert til eller som inngår i subsea produksjons- og prosesseringssystem.

Prosjekt som gir meir kost- og/eller energi-effektive løysingar vil verte prioriterte.

- **Offshore vind**

Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å oppretthalde fokuset på problemstillingar innan offshore vindkraft.

Det vert lagt spesiell vekt på prosjekt som bidrar til ei meir økonomisk berekraftig utbygging av offshore vind.

Forskningsprosjekt som målsett eller bidrar til utvikling av kommersielle produkt og tenester vil verte prioriterte.

## 4.3 OFFENTLIGE UTVIKLINGSOPPGÅVER PÅ VESTLANDET

*Søknadstypar:*

*Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt)*

Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å styrke innovasjonsevna og auka verdiskaping innan kommunal sektor sine ansvarsområde. Prosjekta skal ta utgangspunkt i strategisk viktige problemstillingar innan kommunale ansvarsområde i fondsregionen. Forskinga skal bidra til å nå kommunale mål ved å innføre/ta i bruk noko nytt og eller vesentleg betre som løysing på konkrete problemstillingar. Fokus vil vere på oppgåver som kan verte løyst av offentlege, private og/eller frivillige aktørar etter bestilling frå kommunal sektor. Det vert oppmoda til å inngå breie alliansar. Andre kommunar, aktørar i andre kommunale sektorar og regional stat kan også vere aktuelle samarbeidspartnarar.

Prosjekta skal ha FoU-aktivitet som bidrar til forskingsdriven innovasjon og/eller innovasjon med forskarmedverkning og gi verdiskaping for offentleg sektor.

I tillegg skal fem deltema liggje til grunn for prioritering av forskinga. Desse deltema er delvis overlappande og skal sjåast i lys av dei sentrale føringane elles:

- **Samfunnsutviklarrolla**

Det er ønskjeleg med ny kunnskap som kan styrke kommunal sektor si rolle som samfunnsutviklar. Særleg er det ønskjeleg med forskning som kan styrke kommunen som tilretteleggar for berekraftige lokalsamfunn.

- **Helse i alt**

Det er behov for ny kunnskap som kan bidra til å styrke kvalitet og effektivitet innan dei kommunale ansvarsområda helse og folkehelse.

Sentrale spørsmål er korleis ein betre kan forstå og utvikle kommunesektoren si rolle innan den samla helseforvaltning og korleis kommunal sektor på ein betre måte kan utvikle sine faglege ressursar og ansvarsområde i relasjon til andre i den samla helseforvaltninga.

Vidare er korleis kommunesektoren kan ta ansvar for folkehelse i eitt breitt perspektiv sentralt.

- **Tidleg innsats i eit livsløpsperspektiv**

«Tidleg innsats» er eit perspektiv som sett førebygging fremst i staden for behandling og reparasjon. Kommunane treng aktiv, utviklingsretta forskning ut frå dette perspektivet knytt til planlegging, utvikling av tenester, utforming av fysisk miljø og innan andre relevante område. Forskingsprosjekt som evnar å spissa og opna slike perspektiv, vil verta prioriterte.

- **Rolle og ansvar i utdanningssamfunnet/kompetansesamfunnet**

Kommunal sektor har samansette og komplekse rollar i utdanningssamfunnet; som undervisnings- og skuleeigarar med ansvar for læringsresultata, og som arbeidsgjevarar både for undervisningspersonalet og for tilsette i kommunal sektor. Kommunane har ansvar for at desse har rett kompetanse. Dei har også ein rolle i å sikre kompetansebehovet i næringslivet.

Auka mangfald i brukarar av offentlege tenester og tilbod og endringar i behov utfordrar dagens organisering og krav til kompetanse til ulike oppgåver, blant anna knytt til profesjonsgrenser og kompetansemonopol.

Det er behov for kunnskap om korleis desse komplekse forhold knytt til utdanning og kompetanse har betydning for og kan utfordrast for å oppnå betre offentlege tenester.

- **Meir robust organisasjon**

Kommunal sektor er stilt ovanfor store utfordringar knytt til dei sentrale tenesteområda og i arbeidet med å sikre framtidsretta og berekraftige lokalsamfunn. For å møte desse utfordringane må kommunal sektor har ein robust organisasjon. Det er store krav til kompetanse, allokering av ressursar og godt samspel mellom involverte aktørar for å lukkast.

Kommunal sektor står ovanfor forventning til vidare forenkling, mindre byråkrati, auka ansvarlegging og meir fleksible løysingar. Det er behov for ny kunnskap som kan medverke til å utvikle robuste organisasjonsmodellar og arbeidsformar tilpassa desse utfordringane.

Stikkord er fornying av offentleg sektor, evne til å møte forvaltningsreformer og kapasitet til å samarbeide med aktørar innan privat og frivillig sektor.

#### **4.4 REISELIV**

*Søknadstypar:*

*Regional kvalifiseringsstøtte (forprosjekt) og Regionale bedriftsprosjekt (hovudprosjekt)*

FoU-prosjekta skal ta utgangspunkt i strategisk viktige problemstillingar for reiselivsnæringa på Vestlandet. Løysingane skal bidra til auka lønnsemd i reiselivsbedriftene og auka verdiskaping i heile verdikjeda for næringa.

Regionalt forskingsfond Vestlandet gir støtte til forskning- og utviklingsprosjekt som kan føra fram til nyskapande løysingar på problem som er til hinder for lønnsemd og verdiskaping i reiselivsnæringa. Løysingane skal bidra til ei meir heilskapleg og berekraftig utvikling av reiselivsnæringa i regionen. Det vert oppfordra til å inkludera kultur- og opplevingsnæringane, og å sjå på problemstillingar knytt til bruk av IKT.

#### **4.5 VESTLANDET 2025**

Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å medverke til utvikling av ny kunnskap som peiker fram mot gode løysingar ovanfor sentrale utfordringar for landsdelen i eit nokre lengre tidsperspektiv. Temaområdet Vestlandet 2025 er meint å vere fondet sitt verktøy for å få fram slik kunnskap. Bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet frå dei tre fylkestinga (sjå avsnitt 1.2) har to hovudoverskrifter knytt til temaområdet Vestlandet 2025:

- Eit klimanøytralt Vestlandet 2025
- Eit robust og berekraftig samfunns- og næringsliv i 2025

Ei utlysning av regional kvalifiseringsstønad innan Vestlandet 2025 i 2013 gav opp mot 10 søknader med svært ulikt innhald, dei fleste seint på året. Styret i Regionalt forskingsfond Vestlandet ønskjer å drøfte temaområde og innretting på bakgrunn av desse søknadene før det vert lyst ut fleire prosjektmidlar. Ei avgjer om neste utlysning vil verte publisert på fondet si heimeside.

## 5 SAMARBEID MED ANDRE FONDSREGIONAR OM FELLES UTLYSINGAR AV FORSKINGSMIDLAR

85 % av avkastinga frå fondet vert årleg fordelt mellom dei syv fondsregionane. Dei resterende 15 % skal nyttast til å stimulere samarbeid og kvalitet, etter fastlagde prosedyrar. Regionalt forskingsfond Vestlandet skal arbeide for at dei prioriterte tema i bestillinga frå fylkestinga, vert sentrale i dei felles utlysingane mellom fleire forskingsfond.

Etter drøftingar i eit felles styreleiarforum for dei regionale forskingsfonda 30. oktober 2013 vart det vedteke to utlysingar, som dei regionale fonda kan velje å delta i. Desse er:

- *Innovasjonar for bærekraftig ressursutnyttelse*
- *Tjenesteinnovasjon innan kommunale ansvarsfelt*

Regionalt forskingsfond Vestlandet finn begge tema relevante og vil delta i begge utlysingane.

## 6 SPESELLE SATSINGAR

Regionalt forskingsfond Vestlandet vil i perioden vurdere tiltak for å mobilisere til auka forskingsbasert innovasjon i kommunal sektor og få fram fleire gode prosjekt. Innretninga på dette arbeidet vil verte vurdert i samarbeid med KS, dei andre fondsregionane og Forskningsrådet.

## 7 ÅRLEG FORDELING AV MIDLAR TIL FORSKINGSPROSJEKT

### **Økonomisk ramme og hovudfordeling**

Den årlege fondsavsetninga er på kr. 30 752 000,-. I tillegg kjem renteinntekter, som i 2012 var 2 300 000,-. Dei siste åra er det brukt 2 600 000,- av desse til å administrere fondet. I sum gjer dette at det er minst 30 millionar i fordeling til forskingsprosjekt kvart år.

Styret vil i perioden avsette inntil kr. 6.000 000 årleg til regional kvalifiseringsstøtte/forprosjekt.

Dei resterande inntil kr. 24 000 000 vert avsett til regionale bedriftsprosjekt/regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt).

### **7.1 Ny fordeling av årleg løyving til regionale bedriftsprosjekt/offentlege prosjekt**

Regionalt forskingsfond Vestlandet vil endre praksis med budsjettering av støtte til Regionale bedriftsprosjekt/regionale offentlege prosjekt (hovudprosjekt) ved å forskotere ved å forskotere deler av fondsavsetninga for 2018 og 2019 til prosjektløyvingar i perioden 2014 – 2017.

Pengane vert likevel ikkje betalt ut før i år 2018 og 2019. På dette grunnlaget vil fondet kunne lyse ut inntil kr 36 000 000,- årleg til regionale bedriftsprosjekt/regionale offentlege prosjekt i perioden 2014 – 2017.

Tabellen under viser ny budsjettpraksis/fordeling til bedriftsprosjekt/offentlege prosjekt :

Løyvingssår/ Oppstart	Tilgjengelege midlar for bedrifts/offentlege prosjekt per år						
	Forbruk 2014	Forbruk 2015	Forbruk 2016	Forbruk 2017	Forbruk 2018	Forbruk 2019	Sum/ årleg løyving
<b>2014</b>	12 000	12 000	12 000				36 000
<b>2015</b>		12 000	12 000	12 000			36 000
<b>2016</b>			12 000	12 000	12 000		36 000
<b>2017</b>				12 000	12 000	12 000	36 000
<b>2018</b>					0		
<b>2019</b>						0	
SUM	12 000	24 000	36 000	36 000	24 000	12 000	144 000

*Fordeling av midlar med utgangspunkt i ei forskotering av framtidige løyvingar frå KD.*

I denne ordninga må i løyvingsbrevet ta atterhald om Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Eit slikt atterhald er standard i alle kontraktar frå Forskingsrådet.

Skulle ordninga med regionale forskingsfond verte utvida ut over tidsperioden, vil ein kunne halde fram med tilsvarende modell med ein ny estimert eller fastsett sluttdato. Uavhengig av modell, vil styret kunne gjere endringar i samband med årleg handlingsplan.

## 7.2 Budsjett 2014

På grunnlag av den reviderte modellen (sjå over) vil budsjettet for 2014 vere slik:

Føremål	Sum
<b>Avsett til regional kvalifiseringsstøtte i 2014</b>	<b>Inntil kr. 6.000.000</b>
<b>Avsett til hovudprosjekt med søknadsfrist 9 april 2014 - maksimalt 3 millionar kr i støtte per prosjekt</b>	<b>Inntil kr 18. 000.000</b>
<b>Avsett til hovudprosjekt med søknadsfrist 15. oktober 2014 - maksimalt 3 millionar kr i støtte per prosjekt</b>	<b>Inntil kr 18.000.000</b>
<b>Totalt til vedtak om fordeling i 2014</b>	<b>Inntil kr 42. 000.000</b>

*Basert på forskotering av 12 mill. frå avsetning i 2015 og 12 mill. frå avsetning i 2016*

Regionalt forskingsfond Vestlandet tek atterhald om at fordelinga mellom utlysinga i april og utlysinga i oktober kan verte endra, t.d. som følgje av kvaliteten på søknadene til den første fristen.

I tillegg kjem midlar til fellesutlysingar over «15%-potten».